



Optibo AS
Totlandsv. 2
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2235 - 15/24787

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.07.2015

Ferdigattest - einebustad med sokkelhusvære gbnr 137/641

Administrativt vedtak. Saknr: 303/15

Tiltakshavar: Bjørn Iversen
Ansvarleg søkjar: Bjørn Iversen/Optibo AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10. Søknad om ferdigattest er dagsett 02.07.15

Tiltaket var godkjent oppført i perioden 2004/2005 og kjem inn under nytt 5.ledd i pbl § 21-10, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 8-1, 6.ledd, bokstav a). Søknad om byggeløyve vart sendt kommunen i perioden 01.01.1998 til om med 30.06.2010. Det er gjeve mellombelsbruksløyve for delar av tiltaket. Det vert no søkt om ferdigattest for heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i sak datert 14.04.2004, samt endringsmelding datert 15.06.15.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.07.15.

Skildring

Adresse:	Gamlestøa 3 A
Bygningstiltak:	Einestad med sokkelhusvære
Bygningnummer:	23982277
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad med sokkelhusvære på gbnr. 137/641.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ferdigattest vert gjeve på bakgrunn av Ferdigmelding datert 29.06.15 og kontrollerklæringar datert 19.06.15.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2235

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Iversen

Gamlastøa 3A

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Optibo AS

Totlandsv. 2

5224

NESTTUN